



Arkivsaknr: 2024/10764-1
Sakshandsamar: Lisbeth Toppe Alvær
Avdeling: Organisasjon

SAKSFRAMLEGG

Politisk møteplan 2025

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	
	Utval for næring, kultur og idrett	
	Utval for areal, plan og miljø	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek politisk møteplan for 2025, som den er lagt fram til saka.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i alle utval

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Kva saka gjeld:

- Kommunestyret i Alver skal vedta politisk møteplan for det komande kalenderåret, denne gong for 2025.

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

I kommunelova § 11-2, står det at møter i folkevalde organ skal haldast om eitt av følgjande vilkår er oppfylt:

- a. Organet sjølv, kommunestyre eller fylkesting vedtar det
- b. Organet sin leiar meiner det er naudsynt
- c. Minst 1/3 av medlemmane krev det.

I denne saka blir det lagt fram ein heilskapleg møteplan for 2025 som kommunestyret skal vedta. Møteplanen gjeld for følgjande råd og utval:

- Kommunestyret (KO)
- Formannskapet (FO)
- Valstyret (VALS)
- Utval for areal, plan og miljø (APM)
- Utval for levekår (LEV)
- Utval for næring, kultur og idrett (NKI)
- Administrasjonsutvalet (ADM)
- Eldreråd (ER)
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF)
- Ungdomsrådet (UR)

Vurdering:

Den politiske møteplanen for 2025 er lagt opp på følgjande måte:

- Møter i utval og råd er samla i same veke og kommunestyret er lagt to veker etterpå. Det gjer at saker frå utval og råd kjem i det etterfølgjande kommunestyremøtet.
- Møta i råda er lagt på måndagar, møta i alle utval er lagt opp frå tysdag til torsdag, då mange av partia har gruppemøte på måndagar.
- På grunn av stor saksmengde er det lagt opp til eit ekstra møte i utval for areal, plan og miljø (APM) i januar.
- Det er stortings- og sametingsval i 2025. Møta i valstyret (VALS) er lagt inn i planen.

Kommunedirektøren legg til grunn at kontrollutvalet utarbeider eigen møteplan.

Vedlegg

- 1 Framlegg politisk møteplan 2025